

Rentemøter i førre veke.

Rentemøtet i **FED** på onsdag kveld var Janet Yellen sitt siste rentemøte som sentralbanksjef. Ho forlot stolen med ein renteoppgang. Samstundes vart det indikert tre renteoppingar i 2018 og ytterlegare to til tre oppingar i 2019. Dollaren svekka seg i etterkant av møtet.

Torsdag morgon var det rentemøte i **Sveits**. Det vart det ikkje gjort endringar i styringsrenta. Dei indikerte at dei kom til å være aktive i valutamarknaden framover.

Klokka 10.00 var det **rentemøte i Norges Bank**. Forventningane var at det ikkje kom til å kome endringar i renta, men at rentebana kom til å bli heva. Sentralbanksjefen innfridde forventningane.

Litt om vurderingane til Hovudstyret:

Den økonomiske veksten hos våre **handelspartnerar** har tatt seg opp dei siste åra og arbeidsløysa har falt. Dei fleste ligg godt under inflasjonsmålet.

I norsk økonomi har **kapasitetsutnyttinga** auka, men den er framleis under det ein ser på om eit normalt nivå. **Syssettinga** har auka og arbeidsløysa har gått ned, meir enn anslått i september. Det er utsikter til at oljeinvesteringane vil ta seg opp i 2018.

Det er usikkerhet rundt **kroneutviklinga** framover. Krona har svekka seg meir enn førespegla. Dette til trass for ei auka oljepris. Ei svekka krone kan gje utslag i ein **auka inflasjon** framover. Inflasjonen ligg godt under det langsiktige målet. Ei svak krone kan dessutan føre til ytterlegare auke i eksport.

Finanspolitikken vil truleg bli mindre ekspansiv framover, sjølv om det framleis vil være behov for ein grad av ekspansiv pengepolitikk.

Auka som har vært i **bustadprisane**, med tilhøyrande auke i **gjeld**, har auka sårbarheten i dei norske hushaldningane. Det er framleis usikkert om kor lenge korreksjonen i bustadmarknaden vil fortsette, men ein vidare oppgang i norsk økonomi kan være ein faktor som avgrensar denne.

Norges Bank skriv at utsiktene og risikobiletet samla sett indikerer ei noko tidlegare renteauke enn i førre rapport.

Rentebana vart tatt opp i samband med møtet. I september signalisert dei renteoppgang sommaren 2019. No er dette oppjustert til våren same år.

Krona reagerte positivt i etterkant av møtet, og styrka set med halvanna prosent.

ECB hadde og **rentemøte** same dag. Som venta vart det ikkje gjort renteendringar. Draghi understreka at sentralbanken kjem til å fortsette med å kjøpe rentepapir for å stimulere økonomien. Kjøpa skal reduserast frå 60 milliardar i månaden til 30 milliardar frå årsskiftet. Han understrekar samstundes at veksten i eurosona lyt fortsette om det skal trappast ned ytterlegare. Om utsiktene framover blir mindre gunstige er sentralbanken førebudd på å måtte auke kjøpa i rentepapir.